

Innspel budsjett 2026 – Marte Aasen og Victoria Rinde

Lesarbrev: Eit tragisk forslag frå Hareid kommune

Viser til forslaget om nedlegging av Hjørungavåg skule.

Hjørungavåg skule er hjartet i bygda vår. Vi har sjølve vore i FAU-styret dei siste fire åra og lagt ned eit stort engasjement for skulen vår. Vi har arbeida målretta for å løfte både skuletilbodet og skulemiljøet, til stor nytte for elevane. Dette arbeidet nektar vi å sjå forfalle – utan store protestar!

Gjennom dei siste åra har vi sett klassemiljø blomstre, og eit lærarkollegium som trivst og gjer ein strålende jobb. Vi har skrive søknadar, jobba monge monge dugnadstimar og brukt både tid og pengar – alt for å styrke skulen og bygda. Resultata er tydelege, og viser godt igjen! Å leggje ned Hjørungavåg skule er ikkje berre å leggje ned eit undervisningstilbod – det er å rive ut kjernen i eit levande bygdesamfunn bygd på dugnad, tillit og fellesskap.

Bygda vår har fått til utruleg mykje – sjå berre på Pilskog-Overå Vel, Hodr Vikingpark, barnehagen, og no også Hjørungavåg Vel. Alt dette er eit resultat av eit sterkt lokalt engasjement, der skulen spelar ei heilt sentral rolle som samlingspunkt. Her feirar vi 17. mai, arrangerer bygdekafear, basarar, konsertar og dei siste åra også julemarknad – i samarbeid mellom skule, FAU, elevar og foreldre. Dette er noko som gjev liv og samhald i bygda, på tvers av generasjonar.

Ved Hjørungavåg skule har vi eit tett og unikt samarbeid mellom elevar, foreldre, FAU, tilsette og bygdefolk.

Vi har dei siste åra jobba mykje med å styrke elevane si tilknytning til skulen, mellom anna for å førebyggje hærverk og utanforskap. Gjennom ansvar, deltaking og medverknad – som på julemarknaden – har elevane sett at innsatsen deira kjem både dei sjølve og andre til gode.

Vi har mange spørsmål, og vi ønskjer å kome med konstruktive innspel og kritikk.

Etter det vi har klart å rekne oss fram til, framstår budsjettforslaget som urealistisk. Den påståtte innsparingseffekten er berre mogleg dersom ein flyttar elevane, utan å styrke bemanninga tilsvarende. Det er i realiteten det same som å foreslå å kutte bemanning i barnehagen midt på dagen – eller på sjukeheimen om natta. Slike forslag ville bli avvist som useriøse, og vi meiner det same gjeld for dette.

Vi fryktar at dette vil føre til eit svekka skuletilbod – både fagleg og sosialt – for alle elevar i kommunen. Det er ikkje dokumentert korleis ein skal oppnå ei innsparing, og vi har ikkje sett eitt einaste reknestykke som viser at dette vil gi ein økonomisk gevinst.

Premissane for debatten er feil. "Narrativet er at kommunen skal spare seks millionar kroner, men det er ikkje sannsynleggjort at det faktisk vil skje. Vi meiner tvert imot at innsparingseffekten kan bli null"

Kvar kjem talet seks millionar frå?

Korleis er det mogleg å spare seks millionar kroner på å flytte 89 elevar frå Hjørungavåg til Hareid? Skal ein då kutte alle stillingar ved skulen, auke klassestorleik og redusere

lærartettleik? Korleis vil det påverke læringsmiljøet? Hjørungavåg skule har vist til sær gode elevundersøkingar – mellom anna med 0 % mobbing i 7. klasse. Dette seier mykje om tryggleiken og det gode miljøet ved skulen.

Kva skjer med dei mest sårbare elevane våre? Kor skal dei plasserast – i midlertidige brakker? Og er det i det heile lovleg? Slik vi forstår det, er brakker berre godkjent som midlertidig løysing – ikkje som varig. Korleis skal kommunen finansiere både brakker og seinare utbygging, og samstundes spare pengar? Og korleis vil ein sikre nok uteområde til 350–400 elevar?

Vi stiller òg spørsmål ved tala kommunen nyttar om nedgang i barnetalet. For Hjørungavåg er dette ikkje i tråd med det vi ser. Elevtalet er stabilt, og mykje tyder på at fleire barnefamiljar er i ferd med å flytte til bygda – nettopp fordi her er rimelegare bustadar, gode uteområde og eit sterkt fellesskap.

Vi har snakka med FAU-representantar frå fleire krinsar, samt politikarar og foreldre. Alle er samde om at det viktigaste er å ta vare på bornas sosiale strukturar og tryggleik – uavhengig av om dei kjem frå sentrum, Bigset eller Hjørungavåg. Skulevegring er eit aukande problem på landsbasis, og vi kan ikkje forstå at sentralisering og større skular skal vere løysinga. “Er dette prisen kommunen er villig til å betale?”

Skulebygget:

Kva har kommunen tenkt å gjere med skulebygget ved ei eventuell nedlegging? Kva vedlikehaldskostnader er rekna med i innsparingane? Eit skulebygg kan ikkje stå utan varme og tilsyn utan å forfalle. Til no har FAU og foreldre teke eit stort ansvar for vedlikehald og oppgradering gjennom dugnad – dette vil naturleg falle bort om skulen blir lagt ned. Gymsalen er bygd av bygda – kva vil skje med den?

Kva med privatskule?

Ved ein eventuell oppstart av privatskule – korleis stiller kommunen seg til dette? Vil ein då få overta bygget? Kva støtteordningar finst, og korleis vil dette påverke den økonomiske rekneskapen kommunen opererer med?

“Vi ber kommunen om å lytte – ikkje berre til tala, men til menneska bak. Elevane, foreldra, lærarane og bygda”

Med helsing:

Frustrerte og oppgitte foreldre

Marte Aasen og Victoria Rinde-Hjørungdal